

Arne Garborg

UNGDOM

Anne Malene var ein söt Unge, fæl til aa stela Sukker. Og fæl til aa ljuge, Naar ho hadde vori i Skaap eller Matbud og forsynt seg som ho sjølv syntest, baade med Sukker og anna søtt og godt, og so Mor Astrid kom og gav vondt, so laug ho so godt for seg at Mor Astrid lét seg narre; og so sprang Ungen burt til han Per og lo og fortalde og gjorde seg til, for ho kunde narre dei vaksne so godt. ” Men naar du kjem inn att fær du Stryk,” meinte han Per. ”Nei, det gjer eg ikkje,” sagde Anne Malene;” ho Mor er aldri i Ulag lengi.”

Men ein Gong skulde Anne Malene likevel ha Stryk; for ho hadde øydelagt ein heil Sukkertopp. Daa tagna ho og hengde med Nebben. Og daa Mor Astrid hadde fengi henne under Hendar, og ställt alt tilrettes so som det skal vera naar ein Unge skal ha Stryk, vart Anne Malene rædd og bad for seg. ”Kjære deg, Mor, slaa ikkje for hardt,” sutra ho. Mor Astrid maatte til aa læ; og dermed slapp Ungen. Sidan vart det aldri sagt noko, um Anne Malene stal Sukker.

Vesle Per, Son hans Tjerand Nedi-Garden, hadde si store Møde med Malene; for ho vilde alltid vera Kona hans. Dersom ho ikkje fekk Lov til det, so fekk han juling. Men fekk ho Lov, so dreiv ho og kommandera og masa med han so lengi til dess han vart leid og sagde stopp; og daa fekk han au juling. Men dersom han grét, vart Anne Malene so blid og snild og fann paa so mykje løglegt at Per laut læ; og so lo dei i Kapp.

Og vesle Per gløymde baade Sinne og Sut, og gav etter og var Mann med stort Tølmod; træla for Huse so han burde havt Løn for det.

Paa Skulen slapp Anne Malene like eins lett; det var ingin som kunde vera vond paa henne lengi. Ho var helst saman med Gutane; og det fekk ho Lov til; for det fylgde Moro med henne. Snart styrde ho heile Flokken; og desse Smaastertane lika seg ikkje utan ho var med. Det var ikkje Ende paa alle dei galne Ting dei gjorde til aa vera Karar for henne; dei slost so dei blødde Naseblod; vassa i Elv og Bekk so dei vart vaate til Knes; vaaga seg ut paa nattgamall Is; krabba upp paa Lodu og Fjos og gjekk og spanta att og fram paa Møni som store Fuglar; sùme av deim lærde seg til aa banne; og eit Par av

dei eldste freista endaa med Tobak. Ho var med deim paa so mykje som ho kunde; sistpaa kunde ho segia ”saagu” og ”Dægeren færi meg” likso kaut som nokon Gut, og tok sine Drag av Pipa so godt som, den likaste. Og daa sette ho slik ein Trut, og var so morosam so; ein kunde læ seg ihel; eller ho gjorde Narr av deim, og gjorde lang Nase til deim, og fekk deim so sinna som smaae Hanar.

Anne Malene kunde aldri Leksa si. Og ho kunde aldri sitja roleg i Skulen. Men Læraren sagde ikkje noko for det; og det fann dei andre rimelegt. Daa ho skulde til Konfirmasjon, kom det ille med at ho hadde lesi so lite; ho kunde ikkje Katekisma dessmeir. Ja ho kunde ikkje greide dei tie Guds Bødi. Men Presten saag at ho var eit godt Barn; det kunde ein sjaa berre ho smilte; og so hadde ho ein god Forstand, og hørde etter naar han forklaara for deim; og Vaarherre bøygde henne nok naar hans Tid kom. So slapp Anne Malene lett igjennom hjaa Presten med, og fekk eit ikkje verst laagst Nummer. Daa lo ho godt. Ho totte ho hadde narra, sjølve Presten.

*

Kyrkja var stor av paa Lande aa vera, høg under Kvelvane, bygd av Stein. Vindaugo saag smale ut, av di dei var so høge; men breide Straumar av kvit Septembersol stod inn gjennom deim og gjorde Rome livande, med sterke Skiftingar millom Skugge og Ljos; og Veggine som var vide og flate og nakne som Fengselmurar, dei vakna og fekk Skifting og liksom Meining yvi sitt tome tankelause Aalvor.

For den som saag inn gjennom Kyrkja fraa Orgetreve saag det ut som dei kvite Solstraumane skifte Rome ut i fleire; dei stod tvers gjennom Kyrkja som Ljosmurar. Det var stappende fullt med Folk, og varmt; og det laag som ei Svevn-Ørske gjennom Rome. Uppetter Kyrkjegolve i tvo lange Radir stod Konfirmasjonsungdomen bleik og trøytt; og Presten, ein ung blid Mann med eit syngjande Tenormaal, gjekk att og fram i Golve og katekiserar um Kristus som Øvsteprest, Profet og Konge.

Daa han hadde freista Ungdomen i Trui so godt som han kunde – men Anne Malene slapp lett –, heldt han Slutningstale og lagde dei unge paa Hjarta kor aalvorsamt og andsvarsfullt det var, det dei no skulde gjera. Det galdt um, at dei gjekk upp og gav den store Lovnaden, ikkje tankelaust, og ikkje som av Tvang, men av eit fritt og ærlegt Hjarta. For Gud hata all Tvang; frie Tenarar vilde han hava. Daa han hadde tala Konfirmantane so trøytte, at dei berre hørde Ordi hans som ein Om, som Rop og Snakk

langt inn-i ein Draum, sagde han Amen. Og det gjekk ein Sukk av Vakning og Letting gjennom Kyrkja, og eit Brak av Nasar som snytte seg, fleire hundra Nasar som snytte seg grundigt.

So vende Presten seg til Vaarherre og bad, at han vilde hjelpe dei unge til aa lova ærleg og halde heilt; for dersom han ikkje gjorde det, so visste me at dei ikkje kunde. Dette heldt han paa med til han var haas; og daa trudde han at han fekk hava Lov til aa slutte. Kyrkjefolke heldt med han i det; Ungdomen daa visst.

Solmurane gjennom Rome hadde svinga og svinga og stod no paa Snid nedgjennom Kyrkja og vilde vera ute snart. Uppe paa Orga gjekk Konfirmasjonssalmen i rolege faste Koraltig, rullande og tung i Basen, mjuk og søt og eit Grand tilslørd i Tenoren; Kyrkjelyden song. Daa Salmen var til Endes, vart Ungdomen tekin upp til Altare i Avdelingar og konfirmera. Graaten tok til att; Aalvor laag yvi det heile.

Det var 81 Konfirmantar, 38 Gutar og 43 Gjentur. Presten som sjølv var trøytt no, ekspedera deim ein for ein rett fort; og dei forsikra alle ihop, at dei forsaka av heile sitt Hjarta Djevelen og alt hans Væsen og alle hans Gjerningar. Det gjekk so taktfast og trygt, at det maatte gjera Kyrkjelyden godt aa høyre paa.

Dei som var framme fyrst grét. Dei som kom seinare tok det meir rolegt; mot Slutten grét ingin; og ingin hørde etter heller; Kyrkja var trøytt; Solstraumane var ute for lengi sidan; Rome myrkna mot Kvelden.

*

So var Anne Malene vaksi. Ho var glad for dette heile Dagen; for no var ho fri; no kunde ho trulova seg kva Tid som helst; han Per kunde koma naar han vilde.

Men med ein Gong vilde ho ikkje segja ja. Ho vilde leike med han ei Stund; og ho vilde være ung og fri nokre Aar fyrr ho batt seg. Ung var ein berre ein Gong; trulova seg kunde ein alltid.

Anne Malene lo naar ho tenkte paa, kor mykje Moro ho skulde hava fraa no og til ho var tjuge Aar. Her var mange snaale Gutar aa danse med uppgjennom Tidi; og ho kunde danse med deim trygt, tenkte ho; alle visste at det var han Per som skulde hava henne.

Heime stod Maten og venta; god Mat, sterk Mat; og der var tvo Mostrar og ein Farbror; og gamle Far Mattis heldt Brennevin; og der vart Gaman og Glede. Ut paa Kvelden kom han Per. Saman med tvo andre av Gardsgutane kom han stimande; Brennevin hadde dei med seg. Per hadde alt drukki eit Glas eller tvo; og no skulde dei drikke med han alle. Nei! so rar som han var. Og so mykje Moro han fann paa; og so fritt som det var aa vera vaksne! Sispaa kom han til Anne Malene med Glase; ”du skal ha sist som er den minste,” sagde han. ”Dei minste skal ikkje hava Brennevin,” meinte Anne Malene. ”Jau Pinedø,” sagde Per; no skal du drikke; for det er fyrste Gongen eg skjenkjer deg; og den siste vert det ikkje! Hei su og du, aassaa su aassaa du,” song han; ”drikk no! Er du viktig?” Nei det var ho ikkje. ”Er du heilag daa?” ”Aah!” Alle i Stogo lo. ”Hell hev du skrivi deg inn i Pottemaale kanskje?” ”Korkje i Pottemaale hell i noko Slags Maal!” ”Ja i Giftarmaale kjem du no tilslutt likevel; men drikke Brennevin maa du kunna! Hei su aa saa du – naa daa?” – Åa du kann alltid smaka paa det, naar han byd deg,” meinte ho Astrid. ”Aa jammenn kann du so,” sagde Mattis. Anne Malene totte det var rart, men morosamt overlag; ho tok Glase og sagde Skaal og drakk. ”Stikk ut,” sagde han Per. Nei; no var ho fornøgd. ”Fornøgd? no? Heh; eg vil ha deg til Kjering eg, er du likso fin paa Maten som du er paa Drykken!” Ho sette Glase fraa seg kvar ho kunde; ho maatte ut og læ. Per etter. Dei andre sette seg til aa spela Femkort.

Daa Anne Malene kom inn att var ho trulova. Ingin skulde vita um det; men dess meir Moro var det no daa. Og ho drakk eit lite Glas Brennevin til med han Per den Kvelden. Dei gamle blinka til kvarandre og smaalo.

*

Anne Malene tok det lett med Festarmaale sitt, og so vart han Per vond. Ho fekk han blid att; men det stod ikkje lengi paa. Ho var ikkje stød nok, totte han Per; og straks tok han til aa furte.

Dette vart Anne Malene leid av. So gav ho vondt; og so gjekk dei og saag surt til kvarandre lange Stundir. Du kann koma til aa trega paa det, at du vil tvinge min glade Ungdom! – tenkte Anne Malene.

Sispaa vart dei reint Uvénir. Dei var i eit Bryllaup ein Stad; og der totte Per at Anne Malene hadde for mykje Moro med ein ung Styrmand som var der. Dei kom i

Ordstrid um dette; og det slutta med, at han Per fekk ein under Øyra av Gjenta si. Og daa gjekk han.

Den Gongen varde Uvenskapen lengi. Burtimot eit halvt Aar, trur eg. Per totte dette var aa pine Live av seg; men gjeva seg vilde han ikkje. Han var for stor paa det til dess. Daa gav Anne Malene seg. Ho snakka til han og spurde um han totte der var Meining i aa gaa slik og bryggje Edik. So vart dei Vénir daa eit langt Bil. Og dei lova kvarandre baade høgt og dyrt, at dei skulde vera snilde med kvarandre.

Men gaa og gjera sure Augo til Folk, det kunde ikkje Anne Malene, og dylja Aabryskapen sin var Uraad for han Per; og so slutta det paa nytt med Uvenskap. Daa sagde Anne Malene beint ut til han, at ho vart leid han paa denne Maaten. Glade Gutar heldt ho av, men ikkje slike Surkaggar og Elteposar som han var. Per vart rædd. Han gjekk til dei gamle og fridde paa Aalvor; og han fekk Ja av deim med stor Glede. So gjekk han til Anne Malene og sagde, at no tenkte han ho fekk vera hans anten ho peip eller ho song. Dette totte Anne Malene var stakkarslegt; og so vilde ho det skulde vera slutt med ein Gong. Daa bad Per for seg. Og so lengi bad han til ho gav etter. Ho hadde so ingin annan ho vilde hava kor som var.

*

Mattis Øvstegard hadde ein Skogteig han vilde selja. Og det vart snakka paa, at han kannhende kunde faa selja til sjølve Staten. Den nye Forstassistenten – ein ung Fyr; Nordlending; heitte Jens Carlstad – var innum eitpar Gongir og rødde um dette. Staten kunde hava Hug paa Teigen, ”til Arrondering”, som han sa; men det spurdest um Prisen. Dette galne Stortinge bevilga alltid so lite Pengar, maatte Mattis vita. Anne Malene lika den tinge Guten med Munnskjegge og den rolege Smilen; og Jens Carlstad paa sin Kant var kjend med Anne Malene fyrr han visste Ord av. Han hadde aldri kunna gjera seg kjend med Kvinnfolk fyrr, korkje heime paa Lande eller i Byen; han var knapt nok kjend med sin eigin Kjærast, dessmeir; men Anne Malene kjende han med same. Ho var ein morosam Gjentunge, totte han. Og det var hyggjelegt her paa Garden. Han fekk Mat og Kaffi, og aat og drak og rødde med Folke, og gjorde seg gode Stundir.

So kom han att. Gong etter Gong; tinga med Mattis um Skogteigen og med Anne Malene um ho kunde segja Forstassistent. Men Anne Malene sagde Postassistent, og vende Ordet paa andre Maatar og fekk den unge rolege Mannen til aa læ som ein litin

Gut. Og Munnen hans fekk ho paa Gang, so at han, som alle sine Dagar hadde vori faamælt som ei Skildvakt, han skravla no i Veg som ein Skreppekar. Men den som kunde vera med i eit lystigt Drøs, det var Anne Malene. Ho var ikkje rædd for eit sterkt Ord, ho; skjemta med jamvel um Ting som Kvinnfolk i Byen ikkje visste um dei torde nemne; kvik og glad var ho som ein Kattung. Men so uskyldig som ho var! Reint ei Barn!

Næste Gongen kom Jens Carlstad ein Dag, daa han hadde ein Tanke um, at dei gamle ikkje var heime. Det var dei ikkje heller; og han sakna deim ikkje. Anne Malene fagna han vel; og dei sat og rødde um inginting ei god Stund. Jens gjekk heim i smilande Tankar. Han maatte reint ut segja at han var glad i denne Gjentungen. Ja ikkje paa d e n Maaten; men ho var so ulik alle dei andre han hadde sétt. Heime paa hans Kant var ikkje Gjentune slike; minst hans eigne Systrar, Lensmannsdøtrane; og i Byen var dei heller ikkje slike. Og so skulde denne Gjenta kasta seg burt til ein Trehest, ein Patent-idiot som denne Per Tjerandsen. Det var for gali, totte han. Helst daa ho nok ikkje brydde seg stort um han, som rimelegt var . . . Jens Carlstad smilte.

Sjølv vilde han ikkje Gjenta nokon Ting; sjølvsagt! han var forlova; og dessutan hadde han Moral. Og for det tridje . . . med eit Ord: han var forlova. Og han heldt av Jenny; sette Pris paa Jenny. Ho var eit Aandsmenneskje; fin, bleik, interessant; god Upplæring; Pianoforte; tysk engelsk fransk; Kunstsans; Sans for Poesi og for Natturi; slik maatte den vera som han skulde ha. Anne Malene var berre Kjøt, ho, stakkar; men – ja, han visste ikkje; men i Godlag kunde ho faa han. Naa; sjølvsagt; det kunde Jenny au; ho var baade snild og blid. Den Gongen han vart glad i henne, var ho ein heil Vilikatt; men daa var ho berre trettan Aar. Sidan hadde ho visst sverma eit Grand for denne Pianisten... Gud veit; kannhende var det daa, ho fekk so mykje aandeleg Sans, og vart meir – aalvorsam. Naa; Hovudsaki var, at ho hadde svara ja daa han fridde; og det hadde ho gjort fint. God Stil; strengt ortografiskt. Han hadde tala for lite med henne enno. Tri Gongir hadde han gjevi henne ein sedeleg Kyss, eller tvo Gongir, dersom ein rekna strengt; for den eine Gongen fann han ikkje Munnen; det var det heile. Men denne galne Gjentungen her – hm! Den som visste korleis det gjekk till men i Dag, i denne Dag, utan eit Ord, reint av seg sjølv... han hadde kysst henne! hadde ikkje sansa etter um Kyssen var sedeleg dessmeir. Aa, han hadde fari aat som ein Noksagt. Det var ingen sedeleg Kyss. Det var ein sanseleg Kyss; aa – uff. Og ho vart ikkje vond! Ikkje meir enn

Kattungene vert vond, naar du stryk han yvi Ryggen! Det var ein söt Unge. Og Jens Carlstad hadde ei usedeleg Kjenning av at han var glad . . . uff, glad. Åa, han skulde aldri gjera det meir, aldri. – Aldri!

Han kunde snakke med henne, kannhende skjemte med henne so smaatt, naar det hövde seg so; men i Tukt og Ære; og det som i Dag hadde hendt, det maatte vera gløymt for all Tid; nedsøkk i Lethe; ja, i Lethe. –

– Han snakka med Anne Malene so smaatt, og skjemta med henne naar det hövde seg so, baade i Tukt og Ære; men ein Gong hövde det seg so, at det gjekk reint gali med deim. Jens Carlstad var ein Kjeltring! Han hadde forført henne! Det stakkars uskyldige Barne som hadde havt so trygg ei Tru til han, – no visste ho kva han var for ein Kar. Og Jens Carlstad var grov mot seg sjølv, og banna seg sjølv, og agitera seg upp mot seg sjølv med alle dei Raadir han visste . . . og var glad. Glad, glad. For ho elska han! ho, den vesle snilde Gjentungen, ho elska han; – uff; han var ein Kjeltring.

Nei visst var han ei. Han hadde ikkje forført henne. Det kom av seg sjølv; det kom som ei Ulykke. Som Stormen; ingin veit kvar han kjem fraa, og ingin veit kvar han gjeng. Ho vart so söt; altfor-altfor-altfor söt; han gløymde et han var sedeleg, gløymde alt; saag berre henne, henne, hugtakande, forlokkande, med ein Smil so söt og so syndig; og ljose Augo i vaat Glans; han saag det gjennom ei Skodde; gjennom ein Rus; han visste ikkje at Kjærleiken var so sterk; ingin visste det no; dei tala og skreiv om aandeleg Kjærleik; og sedeleg Kjærleik, og usedeleg Kjærteik, og Sjukdom, og Satansmagt; men ingin visste noko um Kjærleik! for den var korkje sedeleg eller usedeleg, men sterkare enn Dauden. Og no hadde han misst henne. Ho hadde ikkje sagt nokon Ting; ikkje eit Ord; slo ikkje upp Augo dessmeir; berre gjekk sin Veg, bleik, forskræmd . . . ho var vond; han visste det. Ho vilde segja det til Foreldri sine. Dei vilde krevja at han skulde gifte seg med henne; det vart Skandale; det kom til Byen; og naar ikkje han k u n d e gifte seg med henne, so vilde ho døy, eller koma paa Gaustad, eller glide ned i Styggedom... ; aa, for ein Skarv han var. Og Samvite hans svidde som eit Brandsaar.

Men under alt dette var han glad. Han trudde ikkje eit Ord av alt det fæle han maala upp for seg. Han visste at ho elska han, og... ja det var ved Gud altfor uforsvarlegt.

– So viste det seg at ho ikkje var vond. Han raaka henne uventande paa Vegene ein Dag; ho vart raud og han bleik; so sagde dei Goddag og rødde nokre Ord; um der var

Meining i deim hugsa ikkje Carlstad. Med ein Gong hadde han henne i Handi og gav seg til aa tigge og beda at ho ikkje maatte vera vond. Ho maatte ikkje. Ho maatte ikkje. Han hadde ikkje meint noko vondt; det vil segja han hadde – han – han vilde berre beda henne at ho ikkje maatte vera vond. Han tok Handi til seg att og sagde noko um, at han vilde agte seg, eller taka seg i Vare, eller... og so gjekk ho. Men strakst etter snudde ho seg og smilte og helsa: „adjøs, Postassistent!” og var med ein einaste Gong den same som fyrr. Glad, trygg; uskyldig! Ho hadde aldri synda; han laut tenkje seg um. Tok Skam til aa ræddast fyri, at heile den store Syndi berre kunde vera ein Draum.

Fraa den Tidi var dei Vénir. Dei hadde ein svært greid og god Motestad attum ein Haug ved ein stor Stein; og under den same Steinen hadde dei Postkantore sitt. Heile Verdi si hadde dei der; alt det andre som var i Verdi, det var ikkje noko.

Men i Grunnen var Jens Carlstad ein moralsk Mann. Og kvar Gong han skulde upp til den Steinen, heldt han ein Tale til seg sjølv um kor gali dette var, og at han aldri i Verdi vilde gjera det. So gjorde han det. Og naar det var gjort pinte han seg med Samvitsgnag og aandeleg Sjølvpisking det bedste han kunde, og kjende seg som ein Skarv. Han burde sputta seg sjølv i Augo, burde han!

Paa den Maaten hadde ikkje Anne Malene det, so vidt som han kunde skýna. Ho saag aldri ut til aa hava vondt Samvit; saag sin Vén Carlstad likso trygt og truskyldigt i Augo no som fyrr. Og var likso glad; likso fornøgd; der var ingenting i Veggen. Ho var ikkje rædd Folkesnakke dessmeir. Det saag beint fram ut til at ho ikkje visste av at ho gjorde noko gali.

Jens Carlstad forstod ikkje dette; han fann det uhyggjelegt. At Folk gjorde Synd, det fekk so vera; Syndarar var me no. Men gjera Synd utan vondt Samvit, det var uforsvarlegt. So gav han seg til aa snakke Moral for Anne Malene. Han minte henne um Bygdi; urn Bygdesnakke; kva Folk vilde segja um slik ein Ting som at dei tvo var Venir. Anne Malene meinte ho skulde narre baade Bygdi og Bygdesnakke; ho gjorde som ho vilde, ho; og det som ingin visste kom ingin ved! Med Laatt og Glede fortalde ho han, kor god ho var til aa ljuge; og kva ho hadde funni paa til aa slaa i dei gamle, so ho kunde koma her ut; og dei Lygnine ho hadde sett i han Per fortalde ho au; for Per hadde alt sine Mistankar. Det var ikkje so greidt aa vera Anne Malene heller, maatte han tru.

Jens Theodor Carlstad vart ille ved. Det var meiningslaust, dette; Gjenta hadde lært seg til aa tru, at ho kunde gjera kva ho sjølv vilde; hadde ikkje Samvit; var som ein Villmann; visste ikkje Skilnad paa godt og vondt. Han maatte lære henne upp. Ho maatte forstaa og vita kva ho gjorde; maatte lære aa vera moralsk. Han vart aalvorsam og myrk og sagde henne fleire sanne Ting; og so kom Anne Malene i Ulag. ”Tek no du au til aa bryggje Edik,” sagde ho. ”Skal eg ikkje faa Fred hjaa deg heller? Eg trudde ikkje du hadde Hug til aa gaa og syte og vera heilag og syrgjeleg som ei Kyrkjebok! Du var hyggjeleg fyrr, og eg lika deg godt; du brydde deg ikkje; du var likeglad og fornøgd og ein Prاتمakar, hyggjeleg og kjapp paa Munnen som ei Kaffikvern; men no sit du der som eit Litani; og sukkar og set Augo som du var botferdig; og er so sur og syrgjeleg som det var han Per; og tagall og tankefull som ein Vegstolpe Hev eg gjort deg noko? hev eg kje vori snild mot deg og gjort alt det du vilde?” Jau; Jens kunde ikkje negte det. Men ho maatte daa forstaa, at det dei ber gjorde var tankelaust og mot all Folkeskikk, og at det einaste dei kunde forsvara seg med, det var at dei var unge og øre?

So vart dei Uvénir. Dei kjeklast eit Bil, til dess Anne Malene gav sin gode Vén ein under Øyra; ”sjaa der!” sagde ho. Var han ei Bønebok og ein Surtapp og ein Eltepose og ein Tverdrivar full av Bibelspraak og range Talemaater, so var han ikkje den ho hadde tenkt! Skulde ho slaa seg paa Graat og Gravsalmar, so fekk det daa vera til den Tid kom! Farvel! – Dermed gjekk ho.

Jens Carlstad kom heim den Kvelden med. Men i Hovude hans saag det myrkt ut; og hadde han havt ein Hale, so hadde han gøymt han millom Beini. I stive tvo Dagar gjekk han og var halvgalin. Heldt ikkje dette ut. Men bøyge seg og beda um godt Vér, det kunde han ikkje. Han kunde ikkje for si Ære, sin Vyrndad som Mann! Daa han hadde pint seg so lengi han godt og vel stod i det, bøyge han seg. Skreiv og bad um godt Vér. Gjekk so ein Dags Tid og sputta seg sjølv i Augo, for di at han hadde vori so veik. Um Kvelden luska han seg med Hjarteklapp og urolegt Blod upp til Steinen til aa sjaa um der var Svar; og det var der. Gudskjelov. Aa desse kjære, søte Kraaketæane. Åa denne heilage, himilske, ravgalne Rettskrivning! Ho var so Gla for breve. Dæ va Vont væra Uvenir, og Gott aa vera gla. Han skulde ikkje bry seg um det som ho gjorde hin Kvelden; ho meinte ikkje noko med det; ho berre var slik.

J. T. Carlstad dansa heim. Han hugsa ikkje meir paa Æra si enn paa ein gamall ordottin Knapp; og han svor paa at han aldri meir vilde gjera seg Uvénir med Anne Malene. Næste Gongen dei møttest var han so kjærleg, at han kysste hende mest til Blods.

Men Anne Malene matte vera snar i Kveld; ”dei held Vakt paa meg,” sa ho. ”Og han Per gjeng og luskar som ein svart Katt etter ei Mus, og trur meg ikkje um eg segjer Dægeren færi meg aldri so lengi!” Carlstad vart bleik. ”Ba – ba – bannar du?” sagde han. ”Nei,” svara Anne Malene; ”ikkje utan det trengst.” Dette totte Carlstad var altfor gali. Dette maatte det rettast paa. Han forklaara henne, at skikkelege Kvinnfolk aldri banna; at det var stygt aa banne; og simpelt aa banne; at Anne Malene aldri burde banne; og at ho aldri burde ljuge heller. ”Skal eg ikkje ljuge?” spurde Anne Malene. Nei. ”Ja men korleis skal eg koma her ut til deg daa?” Tja; det –; ho fekk . . . ho fekk finne paa Raad. ”Tek du no paa med Bøneboki paa nytt?” spurde Anne Malene. Og so kjekla dei, til dess Jens fekk seg ein ny ein under Øyra, og det ein god og varm ein. Og Anne Malene sagde det til han, at han burde sjaa aa faa seg eit Prestekall, og ikkje gaa her aa preike Gudsord for henne; for det vart han ikkje feit av! Jens forklaara, at hans Mannsvyrndad ikkje var tent med at han tok imot Øyredaskar av henne; og Enden vart: ny Uvenskap.

*

I dei Dagar fekk Jens Carlstad eit Brev fraa Frøken Jenny, og ei Bok. Den Boki skulde han lesa, stod der i Breve; og so skulde han prøve seg aalvorsamt sjølv; sidan skulde han skrive til Frøken Jenny og fortelja henno alt – a l t! – som han daa maatte hava paa Hjarta. Boki viste seg aa vera ”En Hanske” av Bjørnstjerne Bjørnson. Jens Cartstad las Boki; og daa han det hadde gjort, gav han seg til aa filosofere.

Skulde Kvinnfolki til aa moralisere, dei au no? Hitt; nei daa heldt han paa Anne Malene. Ho hadde berre ein Moral ho: at ho vilde gjera som ho vilde. Og det var... Gudbevars! det tok seg ikkje ut i Bøkar. Det var ikkje forsvarlegt; og det gjekk ikkje for seg at Folk var so frie; men!

Anne Malene gjorde mykje som var gali. Ho gjorde alt som var gali. Og endaa vilde Carlstad taka Forgift paa, at ho var meir uskyldig enn tusund og tusund av deim som gjekk og var moralske og snakka Skandale og vart raude berre ein nemnde so ærlegt og nyttigt eit Plagg som ei Brok. Kanskje ikkje Syndi beit paa Anne Malene, av di ho var

so fri for Samvit? Sagde ikkje Paulus, at det var Lovi som gjorde Folk syndige? Og stod det ikkje skrivi, at Kjærlighed skjuler Syndernes Mangfoldighed"? Og Salomon sagde, og Goethe sagde, og Gud veit kven det var som sagde, at Kjærleik, det var Livsens... Livsens... ; og no skulde ikkje han faa elske Anne Malene, som var so søt og som gjorde han so glad, berre av di altslag uvedkomande Godtfolk fann det umoralskt. Kva hadde han med Moralen aa gjera? Hadde han vori med og underskrivi dei tie Guds Bød?

Han var ingin Kjeltring. Det var den Faamingskapen, at ein skulde gaa og pine seg med vondt Samvit, so snart ein gjorde noko som ein hadde Hug til. Kvi skulde ein ikkje gjera det ein hadde Hug til? men alltid det som var keidt og leidt? Kva var dette Samvite for Slag? Var det anna enn Folkedomen i oss, denne djupe, religiøse Rædsla for Bygdesnakke, Organe for Bygdesnakke, gamal nedervd Samfundsvedtekt, inn-ervd, ikjøta Fleirtalsmeining um det som var pent eller høvelegt? Naar ein var trygg paa at ingin visste noko, so var Samvite ikkje anna enn ein stikkande Otte for at Folk kunde faa vita noko: Anne Malene hadde Rett: det ingin visste kom ingin ved; han vilde, Fanden gale, slaa seg til Fritenkjar!

Jens Carlstad kom sistpaa til det, at heile denne Greida var ei underleg Greide, og at han ikkje lenger forstod seg sjølv. Han hadde alltid vori ein moralsk Mann. Men no hadde han tvo Kjærastar; og av den eine fekk han Øyredaskar av di han var for moralsk, og av den andre fekk han "En Hanske". Han hadde visst fortent baade det eine og det andre; han var den største Slampen som gjekk i tvo Par Sko; men han vilde vera eit Asen um han kunde gjera noko ved det. Kvi kunde han no ikkje faa halde av den Gjentungen ei liti Stund? Ein vart tidsnok gamalt og tidsnok gift. Og daa var det Striskjorta og Havrelefsa og Stræve for Maten fraa Hand til Munn; og sidan Gikti; og so Lik-Kista; ein var berre ung denne eine fatige Gongen; og so skulde ein ikkje faa vera lettlyndt i dei fem-seks Aari heller! Kvi lét daa ikkje Vaarherre oss koma til Verdi med graatt Haar og Gikt med ein Gong?

Kvi fekk me ikkje gifte oss so snart me var vaksne? Det var Spursmaale. Hadde Jens gift seg med Jenny daa han var sekstan Aar, so hadde han aldri komi paa galne Vegar med Anne Malene. Men Kvinnfolki, dei gifte seg, naar dei var syttan Aar, dei; so dei kunde nok koma ifraa det!

Jens tenkte og fundera so han vart baade varm og kald; men tenkje Tankane ut vaaga han ikkje. Det var ein Konsekvens han ikkje lika; men tvo Ting stod fast: at han var ein Noksagt, og at han vilde elske Anne Malene so lengi han kunde naa henne. Kva skulde han gjera, med Resten? Jau; endeleg blenkte det upp for han kva han vilde gjera.

Han sette seg til Borde og skreiv eit Brev. I det Breve bad han Frøken Jenny lesa ”En Hanske” endaa ein Gong. Og naar ho det hadde gjort, so skulde ho prøve seg sjølv aalvorsamt, um ho aldri hadde elska nokon annan enn underteiknad J. T. Carlstad, og um ho aldri hadde gjevi nokon annan so mykje som eit blidt Ord; og so skulde ho skrive tilbake og fortelia han alt – alt! – som ho daa maatte hava paa Hjarta.

Jens Carlstad lagde Breve i Posten og totte han hadde klara Biffen. I Grunnen var han ein lentug Kar. Nokre Dagar etter hadde han Uppslagsbrev. Turrt og kaldt: det fekk vera slutt millom oss – Jennyv Christiansen.

*

Jens Carlstad hadde eit rundt og godt Andlit; no vart det litegrand langt. Ein lentug Kar var han. Men han vilde ikkje negte for, at Jenny Christiansen, ho var lentug paa si Vis.

Kven skulde faa ”En Hanske” fraa henne neste Gong, tru ?

*

Ja so hev eg ikkje stort meir aa fortelia.

Eg kann leggje til, at dei unge Folk eg her hev meldt um no er gifte eller feste alle ihop. Jenny er forlova med ein Ungkar paa 38 som bannar paa at han aldri hev elska fyrr; og det kann so vera; han ser ut til baae Slagi. Jens skal i desse Dagar hava Bryllaup med ei ung Enkje som hev baade Samvit og Moral, og er verd i Pengar Kr. 50,000. Men Anne Malene er gift med Per Tjerandsen.

For Per var ikkje den som gav seg paa sin Rett. Han fekk høyre mangt og mykje um den Assistenten; og han visste godt at Anne Malene laug, naar ho sagde at ho ikkje brydde seg um han; men Per vilde hava Anne Malene anten so ho peip eller ho song. Ein Kveld daa han elte henne hardt med dette um Carlstad, vart Anne Malene vond og sagde ’n beint ut, at ho var glad i den Guten. Per grét som han var piska og gjekk. Dagen etter fekk ho Brev, at ho maatte møte han Klokka ni i Kveld ved den store Steinen. Det skulde vera det siste han bad henne um i denne Verdi, stod der.

Anne Malene møtte; og der fann ho Per Tierandsen med eit Reip i Handi. Han var berrhovda og saag fæl ut. Han vilde berre segja Farvel, sa han. Ho skulde ikkje bry seg. Naar ho heldt av Carlstad, so fekk ho gifte seg med Carlstad; men Per var ikkje Kar til aa sjaa paa det. Han vilde berre beda henne ikkje hava noko imot han. Og so Farvel, og Takk... for alt. Han kasta seg i Marki og grét. Der laag det lange Mannfolke og tuta som han vilde graate ut Sjæli si. Anne Malene vart kløkt, og rædd attpaa; og so vart daa med det Reipe Kjærleiks-Bande knytt imillom deim paa nytt. Men paa Bryllaupsdagen var det Anne Malene som tuta.

Ho hadde ikkje tenkt yvi mange Ting i sine Dagar, Anne Malene; men det visste ho no, at hadde ho fengi Carlstad istadenfor Per, so hadde ho lætt og ikkje graati. Men Presten tala fagert um Abraham og Sara. Og deretter tilspurde han den ærlege Ungkar Per Tierandsen Vigmoen, um han vilde hava den ærlege jomfru Anne Malene, som her stod, til si Ægtekone; og det vilde Per Tjerandsen. Framleies tilspurde han den ærlege jomfru Anne Malene, um ho vilde hava denne ærlege Ungkar Per som her stod til sin Ægte-Husbond; og det sagde Anne Malene at ho vilde.

So var det avgjort.

– Ho hadde nok gjort det ho kunde til aa faa Bryllaupe uppsett. Men Per var umøgeleg; og dei gamle heldt med honom. ”Kva er det for Tøv?” sa gamle Mattis; ”trur du du vinn noko med aa gaa her og flokse som du gjer med den svoltne Skogmannen? Høh! Han kom her og snakka um Arrendering, han; men det var nok anna Slag Arrendering han tenkte paa!” So gav Anne Malene etter. Skogmannen kunde nok ikkje hjelpe henne. Og no, som sagt, var det avgjort.

Eit halvt Aar etter hadde dei Barnedaap. Det var vel snart; men slikt hender. Og Anne Malene brydde seg ikkje um det; Bygdesnakk beit ikkje paa henne. Ho tok det for lett.

Det vart avgjort at Veslegut skulde heite Tønnes; Tjerand var so stygt, totte Anne Malene. Ho var glad i Ungen, so der ikkje var Meining i det; men Per slo paa, at ”han liktest paa Mor si meir enn paa Far sin”. ”Det gjer dei fyrste ofte,” lagde Mor Astrid inn. Daa dei hadde Barne til Kyrkja, fylgde Anne Malene sjølv med; ho vilde sjaa etter at alt gjekk rett til, maa-tru. Mangt kunde hende slik ein litin Tull, naar ikkje Mori sjølv var til Svares.

Fem Born var til Daapen den Dagen, og av dem eitt som offisielt var uægte. Fram stod Presten og forklaara, at desse fem, liksom alle andre, var fengne i Synd og fødde i Misgjerning og var av Naturen Vredens Børn. Men gjennom Daapen skulde dei faa Naade og Utløysing av Syndi og Liv og Sæle og alt godt og koma inn i Samfunde aat dei heilage. So bad han til Gud for desse hans ”Tjenere og Tjenerinder som bede um din Daabes Gave”, at dei maatte faa det dei bad um, og at Døri maatte latast upp for desse som banka; las deretter det som stend i Testamente um Daapen; og daa han soleis tydeleg og klaart hadde forklaara for dei smaae all Ting – og Klokkaren sagde Amen, so det var sant –, drog den heilage Handling seg upp til Døypefate.

”Tønnes,” sagde Presten. ”Forsager du Djævelen? og alt hans Væsen? og alle hans Gjærninger?”

Ja. Tønnes forsaka Djevelen, og alt hans Væsen, og alle hans Gjærningar.

”Tror du paa Gud Fader Almægtigste, Himmels og jordens Skaber?”

Ja. Tønnes gjorde det.

”Tror du paa Jesus Kristus, Guds enbaarne Son, vor Herre, som er undfangen af den Helligaand, født at jomfru Maria, pint under Pontius Pilatus, korsfæstet, død og begravet, nedfor til Helvede, opstod tredie Dag fra de Døde, opfor til Himmels, sidder hos Guds den almægtiges høire Haand; derfra han skal igjenkomme at dømme levende og døde?”

Ja. Tønnes truede alt dette.

”Tror du paa den Helligaand, en hellig kristelig Kirke at være, som er hellige Menneskers Samfund, Syndernes Forladelse, Legemets Opstandelse og efter Døden det evige Liv?”

Ja. Tønnes truede.

Daa tilspurde Presten Tønnes: ”vil du paa denne Tro være døbt?”

Ja. Tønnes vilde paa denne Tru vera døypt. Og so vart han døypt. Men daa han kjende Vatne paa den vesle dunmjuke Skolten sin, som ikkje hadde vori i denne kalde Verdi meir enn i fjortan Dagar, daa grét han so himils høgt, at ein kunde tru han trega paa, at han hadde komi hit og ”bedi um Daapens Gaave”..

Men Anne Malene totte det stod godt til. No var alt i Orden, tenkte ho, - alt. Baade for Veslegut og for henne. –

– Fraa denne Tid gjekk det godt med det unge Hjone i Ned-i-Garden.

I Fyrstningi hadde Anne Malene vori noko leid av seg; og han Per hadde havt sine Mistankar. Han hadde sétt Postassistenten paa Vegar og Stigar der den Fyren etter Pers Meining ikkje hadde noko aa gjera. Men so reiste Postassistenten; og so kom Barne. No gjeng Anne Malene og sullar og steller paa Garden sin millom Folk og Fe og styrer det heile; og Per tek til aa like seg, og er Mann med god Hùg, og trælur for Huse alt det han orkar. Naar han er full kyter han av Kjeringi si. ”Hei su aa du, aassaa su aassaa du,” syng han; ”Dægeren færi meg er ikkje Anne Malene so greid ei Kjering som Kjering finst!” Og det segjer dei han hev Rett i.

Her um Dagen kom ho eit Grand i Ulag; ho hørde at Jens Carlstad skulde gifte seg. Men det gjekk yvi. Ho er aldri i Ulag lengi, Anne Malene.